

Rekordoppmøte på internasjonal kafèsuksess.

10.02.2018



Tett mellom kafègjestene i Rosendal i dag.

Den internasjonale kafèen som har vorte arrangert i storsalen på Rosendal Motell med jamne mellomrom dei siste åra, er blitt ein gedigen suksess. Det er utvilsomt det meste vellukka integreringstiltaket som har vore i kommunen, og i dag var det truleg rekord både i antall frammøtte, antall nasjonalitetar og kor mange land det var matrettar frå.



Her er noko av alt det gode vi kunne forsyne oss av, men det måtte fleire bord til for å få plassert all den gode maten. Brasilianske rettar

var blant godsakene, og trioen Adriana, Claudia og Sonia var blant dei som sytte for det.

Det er eigarane av motellet, Maren Guddal og Arne Martin Guddal Husby, som står bak dette fantastiske gratistilbodet saman med Anita og Atle Falk og andre gode hjelparar. Mange bidrar til det fantastiske matbordet då dei bringar med seg mat i tillegg til at nokre stiller og lagar mat på plassen. Dermed er det utruleg variert med rettar og kaker frå mange ulike land. Dette sikrar dei frammøtte smaksopplevingar som dei elles berre kunne drøymt om.

Denne dagen var det kafégjester frå så mange land at det var umogeleg å få oversikten, men eg registrerte i alle fall Mexico, Colombia, Brasil, Egypt, Ukraina, Polen, Filippinene, Litauen, Afghanistan, Syria, Italia, Thailand, Tsjekia, Spania og Eritrea i tillegg til oss som er oppvaksne her i landet. Sikkert frå fleire land òg. Kjekt var det og at det også denne gongen var ein god del uskedelingar å sjå. Blant dei frammøtte var alle aldersgrupper representert; - frå born og ungdom til dei svært godt vaksne. Alle kosa seg og fekk gode opplevingar å ta med seg inn i helga. Eg er sikker på at ingen angrar på at dei tok turen sjølv om dei gjekk glipp av at ei flott jente frå Froland tok sølv i skiskyting i OL.

Det brasilianske ekteparet Kelly Garbini og Mauricio Weimar sette ein ekstra spiss på den flotte feststunda. Saman framførte dei flotte musikkperler med Kelly på elpiano og Mauricio på trommesettet. Dei vil vi høyra meir av!

Eg har vore på dei fleste internasjonale kafèsamlingane som Arne Martin, Maren, Anita og Atle har stått for. Eg er imponert!! Det verkar det også som resten av gjestene er! Dei er glade for å kunna bidra! Dette tiltaket bør alle i kommunen vår vera stolte av. Flottare integreringsarbeid skal ein leita langt og lenge etter!



Musikarpåret Kelly Garbini og Mauricio Weimar sette ein ekstra spiss på stunda med flott musikk.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland